

ÅRSMØTE 2021



Velkommen til årsmøte i Sandane Sykkelklubb
Fredag 11. mars 2022 kl 19.00 (Gloppen Hotell)

Sakliste Årsmøte 2021 i SSK

1. Godkjenning av røysteføre
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Årsmelding; gjennomgong og godkjenning
5. Rekneskap og budsjett; gjennomgong og godkjenning.
6. Innkomne saker
7. Medlemskontingent 2022
8. Val (framlegg om reduksjon i antal styremedlemmer frå 5 til 3)
9. Ymse

Årsmelding 2021

Årsmøte

Årsmøtet for 2020 vart avholdt søndag 21. mars 2021 i 3. etasje på Sandane Senter. 10 personar møtte. Signert protokoll er vedlagt årsmeldinga

Styresamansetning

Leiar: Ole Marius Gloppestad (valt for 1 år)
Nestleiar: Henry Hammersland (ikkje på val, 1 år att)
Kasserar: Arne Myklebust (ikkje på val, 1 år att)
Styremedlem: Eirik Tengesdal (valt for 2 år)
Styremedlem: Eirin Myklebust (valt for 2 år)

Valnemd

Tord Hafnor og Janne Almenning (begge 1 år att og på val i 2022)

Kontrollutval

Odd Bjarne Tveit (valt for 1 år)
Øystein Sundal (valt for 1 år)

Styremøter

Det vart avheldt eit konstituerande styremøte umiddelbart etter årsmøtet. Utover det har styret hatt hatt kommunikasjon via epost og Facebook Messenger. Generelt lite aktivitet har medført lite styrearbeid også i 2021.

Medlemstal

22 teikna medlemsskap i 2021. Av desse var 8 familiemedlemskap og medlemstalet med smått og stort var difor 44 medlemmar. Det er ein liten oppgong frå året før.

Trening

Klubben har hatt offisielle treningar tysdag og torsdag i sommarhalvåret, og med oppmøte ved Intersport i Sandane Sentrum. Treningane har vore annonsert på nettsida, på Facebook-sida og i treningsgruppa på Facebook. Oppmøtet har vore lågt og det har ikkje vore ført statistikk. Utover dei

faste treningane har fleire vore på lengre dagsturar, gjerne i helgane, når veiret har vore godt. I skuldresesongane og om vinteren er det framleis populært med Zwift.

Det har ikkje vore arrangert fellestur eller treningsleir i 2021. Fleire av medlemmane har organisert lengre turar med varierende antal deltakarar: Sunnfjord rundt, Hellesylt - Flovegen, Norangsdalen, Turtagrø med meir.

Arne M, Øystein K og Ole Marius 11. juni 2021 Sogndal-Turtagrø t/r:



Ritt

Ein god gjeng sykla Jotunheimen rundt trass i Corona-avlysing, og 2 sykla Trondheim-Oslo. Begge desse 2 ritta vart registrert og godkjent digitalt. I tillegg hadde vi med deltakarar på Birkebeinerrittet og Nibberittet.

Syklar, verktøy og anna utstyr

SSK har nytta to rom hos Ramirent i Bukta til lagring av syklar og diverse. Ifbm at Ramirent la ned drifta på Sandane ultimo 2021 vart alle syklane (4 stk) lagt ut og selt (Facebook-gruppe for kjøp og sal i

Gloppen). I tillegg vart noko anna utstyr selt (bl.a. partytelt) og gjeve bort (diverse til bl.a. Fjellhug/Vereide og Mona Barnehage). Det stod ein god del rask igjen etter Nordfjordrittet som vart avhenda på Nomil. Det einaste av utstyr som då er igjen i klubbens eige er verktøy (på utlån), skilt frå Nordfjordrittet samt nokre få ukurante drakter.

Klubbdrakter

Vi hadde ambisjonar om å få lansert nytt draktsett kort-kort i 2021. Lite aktivitet og interesse gjorde til at dette vart lagt på is. Ifbm at at vi rydda ut lageret på Ramirent vart det meste av bekledning gjeve vekk.

Sponsoravtale

Avtalen med Intersport (inntil 20% rabatt på sykla og sykkelrelaterte varer) har ikkje blitt fornya etter 2020 då den gjekk ut. Likevel har vi hatt munnleg avtale med Intersport også i 2021.

Styret som blir valgt i 2022 må avgjere om denne avtalen skal forlengast.

Andre aktivitetar

Som en del av sponsoravtalen med Intersport stilte SSK opp og rigga bl.a. ei sykkelløype under Sandanedagane laurdag 14. august. Testing av Zwift var også populært.

